

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 04.11.2014

Vedtak

Utkast til klinikkstrukturplanen frå tannhelse: Ungdommens fylkesutval vedtok at utkast til klinikkstrukturplanen frå tannhelse vert satt opp som ein politisk sak på neste rådsmøte.

Framdrift Ungdommens planprogram – per : Ungdommens fylkesutval vedtok følgjande:
Opplæring og helse skal ta kontakt med politikarar i samband med elev- og lærlingombod og kontakte opplæringsavdelinga angåande nettbaserte bøker og tilbod om fagbøkar i papir.

Samferdsel må kontakte NSB angåande ungdomskort på både regional- og lokaltog, samt korrespondering mellom tog og buss frå og til Voss. Samferdsel må og sjå på studentrabatten som er innført igjen, men med eit anna resultat.

Eigen organisasjon må jobbe med brosjyre til ungdomsråda. Ungdommens fylkesutval fekk ein plass i Nasjonalt ungdomsråd som vert overført til Benedicte Hellestveit så lenge som ho sit i Ungdommens fylkesutval.

Kultur- og ressursutvalet må kome med innspel til handlingsprogrammet til folkehelseplanen.